

Meland kyrkjelyd



Oppningsfest på Kyrkjetorget september 2024

Årsmelding
2024

Innhald:

Innleiring	4
Soknerådet	4
Viktigaste saker i 2024.....	4
Underutval.....	5
Bygg og anlegg.....	5
Kyrkja	5
Gravplassen.....	5
Brakker og kontor.....	5
Kyrkjetoget vart innreidd.....	6
Opningsfest i september.....	6
Tilsette og stillingar	6
Frivillige medarbeidrar.....	7
Økonomi	7
Kostnader og inntekter Kyrkjetoget og nye kontor	7
Inntektene	8
Utgiftene	8
Om meirforbruk, disponering, flytting til investeringsrekneskap og fond.....	8
Oppsummering og oppmoding	9
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	9
Hovudtrekk.....	9
Endring i prestesituasjon med vakanse og vikarar hausten 2024.....	10
Kommentar til særskilte gudstenester	10
Kommentarar til andre kyrkjelege handlingar	11
Misjon	11
Kontakt	12
Bibeltimane «Kva seier Bibelen»	12
Husgrupper og andre grupper.....	12
Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.....	13
Enkelttiltak – trusopplæring	13
«Agent for rettferdighet»	14
Barnehagevandringar	14
Konfirmantar.....	14

Babysong/småbarnstreff	14
Yngres	14
Løvegjengen	15
Leiartrenings	15
Diakoni.....	16
Diakoniutvalet.....	16
Diakonale tiltak:.....	16
Open Møteplass/Møteplassen på Kyrkjetorget	16
Rosehelsing	16
Språkkafeen.....	16
To fellestiltak i Alver:.....	16
Juletrefest.....	16
Sommarfest.....	16
Besøkstenesta	16
Turgruppa.....	17
Sorggruppe	17
Minnegudsteneste.....	17
Sjelesorg	17
Fasteaksjonen.....	17
Senior's	17
Bønearbeid.....	17
Musikklivet i kyrkjelyden	18
Musikkandaktar.....	18
Sommarmusikk	18
Felix Vocalis	18
Avslutning og takk!	19

Innleiing



Soknerådsleiar på opningsfesten

Eit tilbakeblikk på året som er gått er alltid nyttig. 2024 var eit hendingsrikt år. I september kunne vi endeleg ha opningsfest på Kyrkjetoget. Utroleg flott å erfare at dei nye lokala tener oss godt. Både som ein god arbeidsplass for staben og for eit mangfald av aktivitetar. Stab med støtte frå gode vikarar har gjort ein fantastisk innsats i å oppretthalde aktiviteten gjennom siste halvår. Det gler oss stort at Eva Kristin Dale Wessman vart vikar i spesialprestsstillinga frå 1.januar 2025. Oppslutninga rundt gudstenestene i Meland er framleis god. Over 10.000 besökande gjennom året er et godt bevis på at gudstenesta er heile kyrkjelydens møteplass.

Soknerådet

Per Arne Traa (Leiar – valt for eitt år om gangen.)

Maria Sæle (nestleiar 2024)

Sølvi G. Knudsen (representant i fellesrådet)

Kari Erikstein (vara fellesrådet)

Frode Brakstad

Jonita J.T. Næss

Bjørn Tore Sæle (sokneprest)

Vara:

Aslaug Sæle Miljeteig (1. vara, møter fast)

Lisbeth Sjursen

Aslaug Aalen

Roba Al Serhan

Kristian Martin Beck

Anne Sofie N.Uthaug er sekretær for soknerådet

Det vart gjennomført tilsaman 8 møte i 2024. I mars var det ein tur til Fagertun i Eksingedalen saman med staben. Soknerådet 2024 (utanom faste gjentakande saker) handsama 32 saker.

Viktigaste saker i 2024

Det nye lokalet Kyrkjetoget – komitear, plan og budsjett, innreiing, opningsfest, utleigepris

Høyringar: bemanningsplan i Alver, kyrkjebruksplan for Alver, biskopens tilsyn, rammer for kyrkjevalet

Stifting av foreininga Fjon fjellkyrkje

Forslag om nyorganisering av felles kyrkjeblad

Strategiarbeid og handlingsplan for 2024

Faste gjentakande saker, rekneskap, budsjett, offertildeling mm

Underutval

Arbeidsutvalet møter før kvart sokneråd for å førebu sakene og er samansett av soknerådsleiar, nestleiar, sokneprest og dagleg leiar, sistnemnde er sekretær. AU handsamar nokre mindre saker mellom møter ved behov.

Barne- og ungdomsutvalet har hatt 2 møte i 2024

Misjonsutvalet har hatt 5 møte, sjå meir under misjon.

Diakoniutvalet har hatt 3 møte i 2024, sjå meir under diakoni.

Kontaktredaksjonen har hatt nokre møte i samband med dei fire blada som kom ut i 2023 og det er også møter i fellesredaksjonsmøter som redaksjonen deltek i.

Prosjektgruppe for ny kyrkje/kyrkjetomt

Utvælet for ny kyrkjetomt hadde to møter i 2024. Utvælet blei konstituert på nytt etter valet på nytt sokneråd og fellesråd i 2023. Mandatet til utvælet er justert. Utvælet i lag med kyrkjeverje og leiar i fellesrådet har vore i dialog med kommunedirektøren om midlar til ny kyrkjetomt, i tråd med intensjonsavtalen. Det blei ikkje fleirtal i kommunestyret til å sette av midlar til ny kyrkjetomt i budsjettet for 2025. Helge Haugland og Sølvi Knudsen frå fellesrådet, soknerådsleiar Per Arne Traa, sokneprest Bjørn Tore Sæle, Frank Rune Dale (leiar) og Anne Sofie Uthaug (sekretær)

Bygg og anlegg

Kyrkja

Det vart ikkje gjort store endringar eller vedlikehaldsoppgåver i kyrkjebygget i 2024. Det var innbrot i kyrkja 17. november 2024, etter alt å døme om kvelden. Eit kross-smykke tilhøyrande soknepresten, og nokre små sølvgjenstandar vart stolne, samt nokre andre småting. Innbrotspersonen(ane) hadde også tent alterlysa og late dei brenne, men det gjekk heldigvis bra. Innbrotet vart meldt til politiet, men sakta vart lagt bort av politiet i desember, sidan det var lite spor etter kven som braut seg inn. Det vart heller ikkje forsikringssak, sidan eigendelen er veldig stor. Tiltaka som vart sett i verk var å framkunde å byte ut nøkkelsystemet.

Gravplassen

Den nyaste delen av gravplassen frå 2005 – Felt M og vidare oppover – er heilt fylt opp utanom reserverte graver. No er alle nye gravleggingar gjenbruk av graver lengre nede (ved kyrkja og ved kyrkestova). Fellesrådet har søkt kommunen om ny utviding, så ikkje situasjonen blir kritisk med tanke på ledige område for gravlegging på Meland. Men førebels er det ikkje konkrete vedtak i kommunestyret, men fellesrådet held fram å söke. Det kan bli ein lang prosess til ferdigstilt nytt gravfelt pga økonomien til kommunen. Faren ved dette er det kan bli vanskeleg å få avsett doble graver framover.

Driftsavdelinga har jobba ekstra med å fjerna vegetasjon og beskjæring av busker. Den såkalla «Ninabua», lagerbua på parkeringsplassen, fekk nødvendig vedlikehald og maling i 2024.

Eller vart det gjort mindre førefallande vedlikehald.

Brakker og kontor

Frå april 2023 til juni 2024 var kyrkjekontoret i brakker samtidig som nybygget Frekhaug torg tok form utover vinteren og våren. Aktivitetane var dels i brakkene, dels i Nordgardsløa i mellomtida.

Rett før sommarferien vart det flytting inn på dei nye kontora i 2. etasjen på nye Frekhaug torg. Det vil sei, staben måtte lagre det meste og ta i bruk to kontor som mellombels løysing, for det var mykje som ikkje var ferdig. Etter avvikla ferie kunne kontora elles takast i bruk og alle tilsette kunne kome i orden.

Kyrkjetoget vart innreidd

Ved haustsemesterstart kunne for alvor arbeidet med å få klart Kyrkjetoget – som vart det nye namnet på kyrkjelyden sitt lokale – kome i gang. Det var ein estetisk komite, AV-komite og ein praktisk komite med soknerådsleiaren som prosjektleiar, som la planar og gjennomførte dette, og stabsmedlemmer gjorde også ein stor innsats. Frivillige laga gode løysingar for utstyr og møtblar på hjul som gjer lokalet veldig praktisk og fleksibelt. Det vart lagt ned ein stor dugnadsinnsats av komiteane med fleire for å få alt klart. Noko var klart til opningfesten, anna kom på plass i løpet av hausten.

Opningsfest i september



Løva stod for snorklyppinga

27.september avvikla soknet ein fin opningsfest på Kyrkjetoget med stappfullt hus og stor glede, uhøgtidleg men formell opning, pizza, korsong, opningsord, festtalar og basar.

Tilsette og stillingar

Tittel	Namn	Prosent	Kommentar
Sokneprest	Bjørn Tore Sæle	100 %	Tilsett i Bjørgvin bispedøme
Spesialprest	Håkon Økland Kinsarvik	100%	Tilsett i Bjørgvin bispedøme Slutta september 2024
Dagleg leiar	Anne Sofie Nergård Uthaug	100%	Fellesrådsfunksjonar i 20-40%
Kyrkjetenar	Mounir Alserhan	50%- 60%	Fekk auka stilling frå 1.9.
Kyrkjelyds- pedagog	Anne Marit Fosse Dahle	100%	
Diakon	Ruben Sæle	100%	
Kyrkjelyds- musikar	Magnus Blom	100%	

Sekretær	Gyda Matland	100%	Delt med Radøy sokn , ca 40% på kontoret på Frekhaug.
-----------------	--------------	------	-------------------------------------------------------

Det var avslutningsmarkering for Håkon Økland Kinsarvik 15.september på Kyrkjetoget. Han fekk gode ord og fine gåver med seg på vegen. Han tok til som sokneprest i Gulen, med ein glidande overgang fram til september.

Hausten 2024 vart det sett inn ulike prestevikarar på gudstenester og gravferder, dei fleste vel kjende for kyrkjelyden, inkludert diaconen vår, og vi hadde ein praksisstudent i sommar og haust. Vi har to personar som er oftast vikar på gudstenester: Andreas Westermoen som kyrkjelydsmusikar og Junji Furukawa som kyrkjetenar.

Frivillige medarbeidarar

Meland kyrkjelyd er velsigna med mange frivillige medarbeidarar – om lag 250 unike personar – fortel statistikken. Tala nedanfor er konkrete personar. Ein heil del er med på fleire oppgåver og tenester, og dermed er summen nedanfor på 305, langt over det stipulerte talet på 250. Det er lett å gløyme nokon når ein nemner konkrete namn, så hovudregel i resten av årsmeldinga er at namna er ute av teksten. Ein er likevel svært takksam til kvar einskild, både liten og stor innsats.

Type oppgåve	Kor mange personar
Planlegging og gjennomføring av gudstenester	76
Barnearbeid i kyrkjelyden	40
Ungdomsarbeid i kyrkjelyden	17
Kyrkjelydens diakonale arbeid	62
Kultur- og konsertarrangementa i kyrkjelyden	27
Komite- og utvalsarbeid	32
Anna kyrkjelydsarbeid	51
SUM	305

Økonomi

Kostnader og inntekter Kyrkjetoget og nye kontor

Som rekneskapsførar skriv, kostnadane ved innreiing av Kyrkjetoget og nye kontor vart overført til eit investeringsrekneskap og kostnadane som soknet har hatt kom på tilsaman kr 385 913, inkl mva, 311 560 eks mva.


I gåver til Kyrkjetoget kom det inn kr 41 216, medan ein budsjetterte med kr 244 000, så her var det eit stort sprik. Soknerådet hadde planar om meir innsamlingsarbeid enn det som vart realisert.

På utgiftssida, så brukte ein mindre på innreiing enn ein hadde planlagt. Noko står att å gjere, og mykje klarte ein å halde ned kostnadane på, ikkje minst takka vere stor dugnadsinnsats, gåver i form av gjenstandar og gode innkjøp. Og dei reduserte kostnadane skuldast også dei utgiftene som fellesrådet tok på seg (låsar og nøklar, kontormøblar mm).

Inntektene

Det var ein inntektssvikt i 2024 på 418 000 samanlikna med budsjett. Brukarbetalingar var som eit unntak over budsjett. Men det viktigaste å merke seg er svikt i gåver. Gjevartenesta (konto 3873) enda på kr 69 500 under budsjett. Nokre sluttar som faste gjevarar, og gjevartenesta må haldast ved like og det trengs endå meir arbeid for å auke den.

Det er litt lågare inntekter på offer enn budsjettet med, spesielt til eksterne offer. Desse går direkte ut att, så dei får ikkje innverknad på resultatet. På den andre sida har ein fått inn ein del meir enn rekna med på konto 3879 *Diverse tilskot og gåver*, og dette er gåver til Kyrkjetoget, tilskot frå K-stud og kulturmidlar frå kommunen.



Utgiftene

Dei fleste utgiftene i vanleg drift held seg omtrent innanfor budsjett eller under budsjett.

Utgiftene på konto 3200 Inventar og utstyr har hamna i investeringsrekneskapen, dermed er utgiftene også vesentleg lågare enn budsjettet i driftsrekneskapen. Avtalen med fellesrådet er at soknet skal betale kr 140 000 av husleigekostnadane pr år, i 2024 var det berre for halve året.

Den største posten under 3340 er refusjon av 40 % av lønskostnader til diakonstillinga.

Om meirforbruk, disponering, flytting til investeringsrekneskap og fond.

Soknerådet vedtok ei avsetjing på 250 000 i budsjettet, i tillegg til dei kr 193 889 som var udisponert overskot frå 2023 og som også skal setjast av på fond. Til saman vart det planlagt sett av kr 443 889. Ein fekk ikkje inn så mykje inntekter som ein hadde budsjettet med i 2024, og dermed er det ikkje mogleg å setje av så mykje som planlagt. Og ein må gjere strykningar i avsetjingane, slik rekneskapsførar forklarer.

Men ein kan setje av kr 330 055 i driftsrekneskapen.

Men det vart ikkje laga eit investeringsbudsjett for 2024, og dermed heller ikkje sett av investeringsmidlar. Denne kostnaden som ein fekk på investering, kr 311 560, må dekkast inn av disposisjonsfondet.

Til saman vil ein dermed bruke om lag like mykje av disposisjonsfondet som ein set av. Dette var ikkje etter planen til soknerådet, og skuldast først og fremst vesentleg lågare inntekter enn ein hadde rekna

med. Soknerådet ville setje av dei sparte utgiftene på 30% lønnsrefusjon for spesialprest, som etter avtale med bispedømet ein skal sleppe nokre år.

Oppsummering og oppmoding

Resultatet av inntektssvikten og mindre sett av på disposisjonsfondet enn planlagt, er ein mindre trygg økonomi framover. Kostnadane auker i takt med prisauken, også i kyrkja, og inntektssida bør følgje med. Det er difor nødvendig at det vert jobba godt med å få auka gjevartenesta og andre inntektskjelder framover.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Kva	2022	2023	2024
Tal på gudstenester søndag og helligdagar	61	60	61
Frammøtte på gudstenester søndagar og helligdagar	6766	6946	7249
Snitt frammøtte på søndagar og helligdagar	111	116	119
Totalt tal gudstenester i Meland	97	92	91
Gjennomsnitt oppmøtte alle gudstenester	103	114	112
Digitale sendingar (gudstenester og anna)	0	0	0
Tal totalt til nattverd	3619	3994	3953
Tal på gudstenester med nattverd	59	63	57
Snitt nattverddeltakarar pr. nattverdgudsteneste	61	63	69
Utmeldingar	30	26	26
Innmeldingar	2	3	5
Dåp	53	47	63
Konfirmerte	71	92	70
Vigsel	8	15	13
Gravferder	42	53	39
Søndagsskule/Løvegjengen – stipulert	45	45	45
Institusjonsandakter	47	58	59
Husgrupper	9	9	8

Hovudtrekk

Årsstatistikken viser at det var om lag like mange deltagarar på gudstenester i 2024 som i 2023, i overkant av 10.000. Dette er gledeleg, og viser at mange vil vere ein del av Meland kyrkjelyd. Frammøtte på søndagar og helgedagar gjekk litt opp, medan det var ein nedgang på såkalla «Andre gudstenester». Dette er institusjonsgudstenester, konfirmasjonar på laurdagar, kveldsgudstenester og

gudsteneste på leir m.m. Ein mogleg forklaring på nedgangen på «Andre» er lågare tal på konfirmantane i 2024 (70 mot 92 i 2023), som fører til færre på leirgudstenester og konfirmasjonar på laurdagar. Det var ikkje kveldsgudstenester hausten 2024, heller ikkje aktivitet i Ungkyrkja i heile 2024, medan det i 2023 var det fleire gudstenester i samanheng med Ungkyrkja. Alt i alt viser likevel den auka oppslutninga om vanlege høgmesser at det ordinære gudstenestelivet har fungert godt.



Dåpsglede

Endring i prestesituasjon med vakanse og vikarar hausten 2024

Spesialprest Håkon Kinsarvik sa opp stillinga i løpet av våren 2024. I ein overgangsperiode var han dels prest både i Gulen og Meland, mellom anna var han med på nokre av konfirmasjonane i Meland. Etter avskjedsgudstenesta i midten av september var det vakanse i stillinga ut året. Målet var då likevel å halde oppe det ordinære gudstenestetilbodet, noko ein lukkast med. Ruben Sæle tok ansvar for nokre høgmesser og over halvparten av skulegudstenestene, pensjonert prest Rune Minde og prost Helge Taranrød tok ansvar for nokre sundagsgudstenester, og Eva Kristin Dale Wessman som prestestudent hadde praksisperioden sin i Meland, og var då ansvarleg for nokre gudstenester. I tillegg var det noko vikar på gravferder. Særskilt må då Helge Hitland nemnast, som forretta fleire gravferder i løpet av hausten. Alle desse bidrog til at det blei ein fin og variert haust. Det blei tidleg avklart at Eva Kristin Dale Wessman skulle gå inn som vikar for spesialprest frå og med 1. januar 2025, noko som bidrog til ro rundt prestesituasjonen.

Kommentar til særskilte gudstenester

Også i år blei det gjennomført skulegudstenester for alle dei offentlege skulane i Meland. Som sagt over var det ikkje kveldsgudstenester hausten 2024, men elles blei andre gode tradisjonar vidareført:



Alteret på Langfredag

Friluftsgudsteneste på Holmeknappen, medan gudstenesta på Håøytoppen blei flytta til Meland kyrkje grunna ufyseleg ver. Det var leirgudstenester, Søndagsåpent x 9, minnegudsteneste, Askeondagsgudsteneste og gudstenester på Nordgardstunet og Dagsenteret, det var totalt fire Løvegjenggudstenester, og gudstenester med Sprell Levande, Agent for rettferd, Tårnagent og Lys Vaken, nokre misjonsgudstenester, ei lysmesse, ei fasteaksjonsgudsteneste og ein

del andre konfirmantrelaterte gudstenester.

Kommentarar til andre kyrkjelege handlingar

Det var normalt mange konfirmantar, 70 stk. I 2024 blei det gjennomført 39 gravferder, 13 vigslar og 63 dåp. Andaktane med song på Nordgardstunet, Lerketunet, Dagsenteret og Vikebø vart gjennomført, totalt var det 59 samlingar på desse fire plassane.

Misjon

Misjonsutvalet i Meland kyrkjelyd har som oppgåve å formidle informasjon om misjonsprosjektet til kyrkjelyden, og vere bindeledd mellom misjonsorganisasjonen og kyrkjelyden. For tida støttar Meland kyrkjelyd det kristne mediearbeidet, SAT-7, som er ein del av Det norske misjonsselskap (NMS) sitt arbeid.



Basar for misjonen er engasjerande

I 2024 har utvalet delteke søndagane 14. februar, 7. april, 6. oktober, 10. november og 8. desember. Vi har hatt informasjon om prosjektet på nokre av gudstenestene der offeret har gått til misjonsprosjektet, også med video fra SAT -7 . I april hadde vi besøk av John Steinar Dale frå NMS på gudstenesta, der han heldt talen og informerte under kyrkjakaffien, då også med basar, eit populært innslag. I desember hadde vi eit innslag om oss sjølv som ein misjonal og mangfaldig kyrkjelyd.

«Kontakt» har hatt innslag frå misjonsutvalet i alle nummer i 2024. Det er no satt inn info om utvalet sitt arbeid på heimesidene til Meland kyrkjelyd.

Det har kome inn kr 87 526,- til prosjektet i 2024.

Kontakt

Det har også i 2024 kome ut 4 nummer, halvparten av sidene er stoff frå Meland, resten frå heile Alver. Bladet blir distribuert av frivillige medarbeidrarar. Inntektene går ikkje i balanse med utgiftene. Styret for fellesbladet sette i gang ein prosess for å vurdere om bladet ikkje skal ha eigne lokalsider lengre, men sokneråda var negative til forslaget. Redaktør for fellesbla var Øystein Skauge, som gav seg etter nr 4/24.

Bibeltimane «Kva seier Bibelen»

I serien "Kva seier Bibelen?" har det vore sju undervisningskveldar i 2024. Vanleg frammøte har vore rundt førti. Tema dette året har vore: kristen einskap (Joachim Grün), jødar og heidningar (Arne Mulen), profeten Malaki (Ingvald Andre Kårbo), tiende (Daniel Sæbjørnsen), kjærleik (William Grosås), borna (Berit Nøst Dale), kristen song og musikk (Harald Myklebust). Bibelundervisninga er eit samarbeid mellom Norkirken, Frekhaug indremisjon og Meland kyrkjelyd og dei var haldne på Danielsen ungdomsskule.

Husgrupper og andre grupper.

Det var 9 husgrupper i regi av kyrkjelyden i 2024. I tillegg var det fleire misjonsgrupper, turgruppa Ferdafolk og andre grupper i sving, som ikkje rapporterer til kyrkjelyden. Gruppene er viktige for fellesskap, både åndeleg og sosialt, og bygger kyrkjelyden



Ei husgruppe på tur med sommaravslutning

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid



Løva er alltid velkommen, her på gudsteneste for 4-årsbok

Enkelttiltak – trusopplæring

Tiltak	Deltakarar 2024	Deltakarar 2023
Lys vaken	26	24
Tårnagent	15	21
Ranselbøn	6	12
4-årsbok	36	16
Agent for rettferdighet	19	12



Tårnagentar



Marked for rettferdighet

«Agent for rettferdighet»

Dette er tredje året det har blitt arrangert «Agent for rettferdighet». Dette er eit opplegg som handlar om å bli litt meir bevisst på fattigdommen og urettferda i verda. 4.klassingar frå Sagstad skule blei invitert, og dette året vart 19 barn med. Vi hadde to samlingar rett etter skuletid, der vi blant anna førebudde «Marked for rettferdighet», som blei arrangert i kyrkja 10.mars. Agentane hadde førebudd ulike oppgåver for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Dei selde kaker og muffins, leiker, sjølvlagda armbånd/smykker, manikyr og ansiktsmaling, og var med på ulike aktivitetspostar der alle pengane gjekk til fasteaksjonen. Det blei ein veldig kjekk dag, og det vart samla inn nesten 13.000 kr.

Barnehagevandringar

Også i år hadde vi nokre fine barnehagevandringar i starten på adventstida. Fire barnehagar kom på besøk, fordelt på to dagar. Dette er fine møtepunkt, både for barn og vaksne.

Konfirmantar



Leirkveld på konfirmantleiren; Fjell-ly 2024

Konfirmantåret starta med lysmesse første søndag i advent. Konfirmantane har deltatt i undervisningsgrupper, har vore på leir, konfirmantfestival og gudstenester. Det var to undervisningsgrupper på Rossland og tre på Frekhaug, og begge prestane, diaconen og kyrkjelydspedagogen er alle med og underviser. Konfirmantarbeidet er det arbeidet vi bruker mest ressursar og tid på i trusopplæringsarbeidet. Det blei gjennomført 6 vanlige konfirmasjonsgudstenester, pluss to ekstra som var tilrettelagt for enkeltkonfirmantar.

Babysong/småbarnstreff

Også dette året har det vorre godt og stabilt oppmøte på babysang. Vanlegvis kjem det rundt 15 babyar i følgje med tilsvarande tal vaksne. Vi brukte Nordgardsløa første del av året, og fekk ta i bruk Kyrkjetorget etter sommaren. Helga Stokke er med som frivillig medhjelpar når ho har høve, til stor glede for både små og store.

Yngres

Meland kyrkje og Frekhaug indremisjon samarbeider om tiltaket Yngres på Frekhaug bedehus. Samlingane er annakvar fredag og er for barn frå 5. til 7. klasse. Det pleier å vere veldig godt oppmøte på Yngres, som oftaast rundt 100 barn til stades. Det er mange flotte vaksne med i leiargruppa, noko som er heilt nødvendig for å få til eit godt opplegg med så mange barn.



Dei minste finn seg til rette på Kyrkjetorget

Løvegjengen

Løvegjengen har hatt jamlege samlingar under gudstenestene det siste året. Med unnatak av høgtider og skuleferiar har vi samlingar kvar søndag. Dei eldste barna har nokre søndagar samlingar i gapahuk og er utandørs. I tillegg til barn som ofte deltek i Løvegjengen, har vi òg mange «gjestebarn» under gudstenester med dåp. Dei er ofte med på gruppa med dei minste, sidan dei alltid er inne. Det var 20 betalande medlemmer i Løvegjengen i 2024.

Vi har mange engasjerte og flinke leiarar som deler på ansvaret for samlingane. Likevel er det plass til fleire gode leiarar. Det er ei utfordring å få med barn i skulealder til å komme. Dette blir det jobba vidare med inn i 2025. For gruppa med barn under skulealder har det vore godt og jamnt oppmøte og ein ser ein ny generasjon småbarnsfamiliar deltek.

Våren 2024 overtok Håkon ansvaret for å koordinere Løvegjengen frå Ingunn Reigstad som flytta, medan hausten 2024 tok Regine Sagstad Berg til i denne rolla.

Leiartrening

Våren 2024 samarbeidde diakonen og spesialpresten i Meland med dei tilsette i Knarvik og Lindås/Osterfjorden sokn om eit felles leiartreningsopplegg (som starta hausten 2023). Ungdomane fekk ansvar for å planlegge tur til London, finansiert av sokna, og eigendel og basar som deltakarane arrangerte. Turen blei gjennomført i juni, utan deltakarar frå Meland.

Leiartreninga blei også meldt inn i NMSU, og det blei oppretta eit lokallag i organisasjonen.

Hausten 2024 blei konseptet noko endra, og det fekk nytt namn: **followme**. Dette er eit leiartreningsopplegg som er tilslutta NMSU, men ein fokuserer også på å lage eit ungdomsmiljø knytt til kyrkja i Alver som møtest annakvar fredag for alder 16+. Alle sokna bidreg med tilsette i dette, slik at ein avlastar kvarandre. Det er om lag 4-10 deltakarar tilsaman frå sokna.

Diakoni

Diakoniutvalet

Utvalet skal mellom anna jobbe med strategi, rekruttering, informasjon og kommunikasjon mellom stab, sokneråd og kyrkjelyd vedrørande det diakonale arbeidet.

Hovudsakene har vore Fasteaksjonsdagen 17.03.24., og det har blitt jobba med om ein skal starte ein matsentral i Alver. Frivilligsentralane i Alver har leia arbeidet med matsentral. Diakonen er sekretær for utvalet.

Diakonale tiltak:

Open Møteplass/Møteplassen på Kyrkjetorget

Det har vore Open Møteplass kvar måndag og onsdag for det meste i 2024. Frå midten av juni til og med juli var det stengt grunna flytting til nytt lokale. August og september var det ope kvar onsdag, og etter den offisielle opninga 30.09 har det vore ope måndagar og onsdagar fram til juleferien. I samband med flyttinga byta tiltaket namn til «Møteplassen på Kyrkjetorget». Til saman har det vore 70 gonger. Det var 10 frivillige medarbeidarar involvert. Astrid Anne Fjeldstad og Åshild Bjørkum Furukawa leia arbeidet.



Trivel på Møteplassen

Rosehelsing

Det blei delt ut til saman 110 roser til 80-, 85-, 90-åringar og eldre i samband med bursdagen deira. 11 medarbeidarar har delt ut roser, og Hilda Austegard har koordinert arbeidet.

Språkkafeen

Språkkafeen har vore open på måndagar utanom skuleferiane. På vårsemesteret blei Nordgardsløa brukt, og frå hausten av var kafeen på Kyrkjetorget. Det var 17 frivillige medarbeidarar involvert fordelt på to grupper som hadde ansvar annakvar gong. Det møtte mellom 22-33, inklusiv medarbeidarar. Den eine gruppa blei leia av Berit Nøst Dale, den andre av Brit Torun Hitland på våren og diakonen frå hausten av. Diakonen Ruben Sæle koordinerer arbeidet.

To fellestiltak i Alver:

Juletrefest

Det var juletrefest i Knarvik kyrkje 05.01. Dette var eit fellestiltak mellom alle sokna i Alver. Om lag 250 personar deltok. Hildur Løkken Lillestøl leia festkomiteen.

Sommarfest

Det var felles sommarfest for alle sokna i Alver den 14.06 i Knarvik kyrkje. Ca 160 menneske var med på festen. Hildur Løkken Lillestøl leiar festkomiteen.

Besøkstenesta

Samarbeidet med Røde Kors om besøksteneste blei avslutta i januar 2024. Prestane og diakonen er framleis tilgjengelege for besøk.

Turgruppa

Diakonen har ei turgruppe som møtast annakvar veke og går turar i nærområdet.

Sorggruppe

Det var ikkje etablert sorggruppe i 2024. På hausten vart det jobba med å få deltagarar til ei ny gruppe som starta januar 2025. Det er eit samarbeid med diakonen på Radøy og kreftkoordinator i kommunen.

Minnegudsteneste

Det blei også i 2024 arrangert minnegudsteneste, den 05.11.

Sjelesorg

Diakonen og prestane har vore tilgjengelege for samtaler og husbesøk og statistikken fortel om til saman 48 husbesøk, 13 soknebud og 78 sjelesorgsamtalar.

Fasteaksjonen

I fastetida var det fleire tiltak som sette fokus på kyrkjelyden sin Fasteaksjon:



Fasteaksjonsdagen 16.mars

- 10.03: Agent for rettferdighet. (Sjå avsnitt om trusopplæring).
- 13.03: Musikk i faste. Musikkandakt med fokus på Fasteaksjonen.
- 16.03: Fasteaksjonsdag i Frekhaug senter.
- 17.03: Fasteaksjonsgudsteneste
- Dei ulike konfirmantgruppene hadde kvar sin digitale innsamlingsaksjon, og nokre av konfirmantane deltok i sponsorløp i samband med fasteaksjonsgudstenesta

Det blei samla inn kr. 101 047,85. Det var til saman 57 medarbeidarar engasjert, nokre i fleire tiltak, i tillegg til konfirmantar og deltagarar på Agent for rettferd.

Senior's

Senior's er eit felles tiltak mellom Frekhaug indremisjon, Norkirken NH , Nordhordland folkehøgskule og Meland kyrkjelyd og det samlar godt med pensjonistar og andre, både frå Meland og bygder rundt omkring. Arrangementet er på dagtid ein torsdag i månaden med middag og godt program. Dei hadde 9 samlingar i 2024 med mellom 70 og 123 deltagarar.

Tiltaket har både eit styre og ei stor arbeidsgruppe, sett saman av frivillige pensjonistar og har no halde på i 14 år.

Bønearbeid

Nokre trufaste forbedarar har møttest kvar torsdag kveld i «Løvehola» for å be, med nokre unntak. På ein del av gudstenestene er det bønevandringar. Bøneemne vert tekne med frå bønneskålene til staben sin andakt på kontoret.

Kyrkjetoget inneholder eit eige bønnerom, så det ligg praktisk godt til rette for meir bøn framover.

Musikklivet i kyrkjelyden

Det er stor deltaking i gudstenestene av dyktige frivillige musikarar og songarar.

Av arrangement kan ein nemne dei to julekonsertane. Den 8. desember deltok lokale korps og solistar. 15. desember hadde koret Felix Vocalis eigen konsert.



Musikkandaktar

Meland musikklag 8.12

Kyrkjelydsmusikar Magnus Blom gjennomførte 13 musikkandakter i 2024. Programma har vore varierte, med gjester frå det profesjonelle musikklivet, frå kulturskulen og frå det frivillige musikklivet. Musikkandaktane er eit høve for kyrkjelyden til å få høyra musikk hovudsakleg frå det klassiske repertoaret. I tillegg til musikken vert det lese tekstar frå Bibelen, og vi syng salmar.

Sommarmusikk

Nytt for 2024 var ein serie med sommarmusikk. Magnus gav i perioden 27. juni-19. juli til saman fem konserter på dagtid med klassisk pianomusikk i Melandkyrkja.

Felix Vocalis

Felix Vocalis øver annakvar tysdag, om våren i brakka og frå hausten på Kyrkjetorget på Frekhaug senter. Våren 2024 var dei ca. 15 aktive kordeltakrar. Hausten 2024 auka dette til 19 stk, noko koret er veldig glad for. Per no er det ingen menn i koret.

På vårsemesteret var korkafé på Nordgardsløa hovudmålet. I tillegg var dei med på korkafé i Knarvik kyrje saman med Knarvik Gospel i mars 2024. Hausten vert i stor grad via til koret sin årlege julekonsert i Meland kyrkje medio desember. Dei medverka også på opninga av Kyrkjetorget i september.

Det er framleis ingen fast pianist i koret, men har to habile pianistar blant koristane som hjelper når det trengs på øving. På framföringar har koret fått fantastisk hjelp av Ottar Mæstad, Jarle Bastesen og Einar Kaslegard. Dei har medverka på begge korkafeene og på julekonserten.

Jannicke Wisløff Åsebø er framleis dirigent og musikalsk ansvarleg i koret.

Felix Vocalis har ein trufast kjerne som har vore med i mange år, og øvingane ber preg av både høg sosial faktor og godt musikalsk nivå.

Avslutning og takk!

Som året før er det lagt ned ein formidabel innsats frå stab og frivillige for at kyrkjelyden vår skal få meiningsfulle og gode tilbod. På tvers av generasjonar, og alt frå den varme og fortrulege ein-til-ein samtalen, til store engasjerande og livlige arrangement. Mangfaldet er stort.

Soknerådet vil til slutt rette ein stor takk til tilsette og alle frivillige for nok eit verdifullt og godt år.

Med helsing soknerådsleiar Per Arne Traa.



Fullt hus, også på julafta



Eitt av to 17. mai-tog til Meland i 2024

Tekst: Teksten er eit samarbeid mellom stab og diverse frivillige medarbeidarar.

Soknerådet er ansvarleg for årsmeldinga, og soknerådet sin sekretær set den saman.

Foto: Stabsmedlemmer, Regine Sagstad Berg, Arve Kjell Uthaug